

Nynorsklaget
v/Roger Lockertsen
Svarvaren
9022 Krokeldalen

Tromsø, 9.6.2009

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement

Fråsegn til høringa om endring i forskrift av 1.6.2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn

Nynorsklaget sluttar seg til framlegget om at klagenemnda for stadnamnsaker blir utvida med to faste medlemmer oppnemnde på fritt grunnlag.

For å sikre den juridiske kompetansen i klagenemnda meiner Nynorsklaget at leiaren i klagenemnda også i framtida må ha dommarkompetanse, og vi ser det slik at forslaget frå Departementet om at det er nok med ein "juridisk kompetanse", vil vere ei svekking av klagenemnda.

Samstundes ber Nynorsklaget om rett til å foreslå kandidatar som Departementet kan velje mellom når det skal nemne opp to kandidatar på fritt grunnlag til klagenemnda.

På vegner av Nynorsklaget

Aud-Kirsti Pedersen